



Det er berre lovord å høyre frå tyskarane på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av dei lengste og sikraste turist-tradisjonar på Rabben Feriesenter er innslaget av fiskande tyskarar og tradisjonen er i høgste grad levande.



Dei tyske fiskarane nyt nygrilla laks på Rabben. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Pioneren i så måte, Siggie Klemm, er framleis på farten med gruppene sine, men akkurat no er ei anna gruppe på plass – også den frå Bayern.

Når uskedalen.no møter gruppa nyt tyskarane laks som seniorvert Steinar Myklebust grillar etter alle kunstens reglar og som legg ein innbydande eim over ferisesenteret. Kor mange gongar han har grilla for tyske gjestar har han ikkje tal på.

- Den klart beste fiskeplassen i området her er utanfor Skorpegavlen, seier Albert von Theuen, som er reiseleiar. Han er viseformann i ein fiskarforening som omfattar heile Tyskland. Men i denne samanhengen leiar han fiskarforeningen i Cadolzburg som ikkje ligg så langt frå Nürnberg.

Foreininga har 45 medlemmar. 20 av dei er med i gruppa som har kome til Uskedalen i buss.. Åtte andre kjem i tillegg i det vekeslange opphaldet.

Foreininga plar gjera ein tur til Noreg annakvart år og no er det tredje gongen dei er i Uskedalen. Men Albert er på Rabben for tiande gong – han var her første gongen saman med Siggie for minst 20 år sidan.

- Det heile starta med Siggie, seier Albert.

Han kan ikkje få fullrost Rabben og Uskedalen og stiller seg heilt uforståande når han blir beden om å trekkja fram noko som han kanskje ikkje er fornøgd med.

- Korkje eg eller andre som har vore på Rabben har noko å klaga over, Her blir vi alltid godt mottekne, seier reiseleiaren, som fortel at prisen for turen er 5.200 kroner pr. person. Dei har med seg ein god del mat og drikke og Albert slår fast at maten er dyrare i Noreg enn i Tyskland.

Når opphaldet varar berre ei veke nyttar gruppa heile tida til å fiska og forlet ikkje Uskedalen.

- Då går det i eitt frå seks om morgonen til midnatt – berre avbrote av ein god times middagskvil. Men når vi er her i ni-ti dagar tek vi gjerne ein utflukt, til dømes til Bergen, fortel Albert, som blir avbrote av ein fiskarkollega som er Noregsveteran nummer ein i selskapet.

Han har vore heilt nord til Lofoten og ønskjer å gjera det klart at landskapet i Uskedalen er finare sjølv om fiskefangstane er mindre her.

Men stort sett verkar tyskarane nøgde med fangstane. Denne dagen har dei fått både sei, lange, makrell, kveite og flyndrefiskar.

Dessutan har dei ikkje lenger lov å ta med seg meir enn 15 kilo pr. person. Men Albert klagar ikkje over kvoteordninga.

- Det viktigaste med ein slik tur er at vi har fanga fisken sjølv, seier han.

Av Ola Matti Mathisen



Grillmeister Steinar Myklebust og reiseleiar Albert von Theuen. (Foto: Ola Matti Mathisen)